
Saksnr: 2021/723-18
Saksbehandlar: Frank Tore Tveit

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		08.09.2021
Fylkesutvalet		21.09.2021

Fråsegn til Kulturdepartementet om ventetid for tildeling av spelemidlar

Forslag til innstilling:

1. Fylkesutvalet ber om at følgjande uttale vert sendt til Kulturdepartementet:

«Vestland fylkeskommune ber om at Kulturdepartementet gjer ei grundig vurdering av kva tiltak som kan gjerast for å redusere ventetida på spelemidlar i fylkeskommunar som har lang ventetid for tildeling. Det er per i dag svært stor forskjell på kor lenge eit anlegg i gjennomsnitt må vente på tildeling av spelemidlar. I Oslo har ventetida dei siste åra vore på 0,15 år (2021) og 0,30 år (2020). For Vestland fylke har ventetida vore på 3,58 år (2021) og 3,97 år (2020).

Det bør gjerast tiltak slik at ventetida mellom anlegg er så lik som mogeleg over heile landet. Vestland fylkeskommune har fleire forslag til korleis dette kan gjerast.

- Inkludere ventetid som del av kriteria for hovudfordelinga i tillegg til kriteria godkjend søknadssum, tal innbyggjarar og anleggsfordeling.
- Sjå fordeling til post 2 i samanheng med tildelingar til post 1.1. når det gjeld ventetid.
- Erstatte pkt. 2.5.3 i bestemmelsane med ei formulering om auka tildeling til områder med lang ventetid.»

Samandrag

Hovudutval for kultur, idrett og integrering handsama PS 91/2021 om fordeling av spelemidlar til anlegg for idrett og fysisk aktivitet 2021, 14. juni. Som ein del av vedtaket bad utvalet fylkeskommunedirektør å legge fram sak om «forslag til uttale frå hovudutvalet til Kulturdepartementet om utfordringane som ligg i spelemiddelordninga, deriblant ventetida for å få utbetalt spelemidlar».

Vestland fylke er eitt av fylka i Noreg med lengst ventetid for tildeling av spelemidlar til idrettsanlegg, og i tillegg eitt av fylka med lågast prosent innvilga søknadar. Det er generelt sett også ei ujamn fordeling mellom fylka i når det gjeld tildeling av spelemidlar til anlegg for idrett og fysisk aktivitet. Vestland fylkeskommune vil difor oppmode Kulturdepartementet om å vurdere tiltak for å redusere og utjamne ventetida for tildeling av spelemidlar.

Per Morten Ekerhovd
avdelingsdirektør

Britt Karen Spjeld
seksjonssjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift
Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I hovudutvalsmøtet 14. juni, i PS 91/21 vedtok hovudutvalet følgjande tilleggspunkt:
«Fylkesdirektør legg fram sak om forslag til uttale frå hovudutvalet om utfordringane som ligg i spelemiddelordninga, deriblant ventetida for å få utbetalt spelemidlar».

Bakgrunnen er at det i fordeling av tilgjengelege spelemidlar til anlegg for idrett og fysisk aktivitet, ikkje er mogeleg å ta omsyn til alle regionale og statlege føringar. Dei politisk ambisjonane er høge, men ramma til fordeling er liten i høve til behova her i Vestland.

Dei siste åra har søknadsmengda til spelemiddelordninga auka i Vestland fylke. Trenden med auke såg ein også i dei gamle fylka Hordaland og Sogn og Fjordane, før samanslåinga. Det er fleire årsaker til dette. Nasjonalt vart den såkalla «tippenøkkelen» endra i 2015. Då auka ein delen som skal gå til idrettsfremål til 64 % av overskotet til Norsk Tipping. I tida etter dette hadde begge dei gamle fylkeskommunane Hordaland og Sogn og Fjordane eit stort fokus på kompetanseheving blant søkjarane, med målsetting om fleire og betre spelemiddelsøknadar. Arbeidet med dette har ein fortsett med i Vestland fylkeskommune. Den viktigaste grunnen til auken er likevel at det vert jobba svært godt lokalt med kommunale planar og utarbeiding av spelemiddelsøknadar. Både kommunar, idrettslag, friluftslivsorganisasjonar og grendelag rundt om i Vestland fylke er gode til å ta tak i lokale initiativ knytt til etablering og rehabilitering av anlegg for idrett og fysisk aktivitet, og til å utarbeide grundige og gode søknadar.

Ventetid

Det kan vere svært utfordrande for lokale initiativ når ventetida vert så lang, særleg for frivillig sektor. Dei ulike laga og organisasjonane må ofte ta opp midlertidige lån for å mellomfinansiere spelemiddelandelen av finansieringsplanen i etableringsfasen. Det kan vere eit alternativ er å vente med etablering av anlegget til ein har fått ei spelemiddeltildeling. Når ventetida er mellom 3 til 5 år (og i enkelte tilfelle lenger) er det likevel vanskeleg å skulle vente så lenge med etablering av anlegget når alle planar er klare og den øvrige finansieringa er i orden, slik dei må vere for å få godkjend spelemiddelsøknaden. Dette er vanskeleg for eksempel:

- fordi anlegget vert dyrare og ein får reelt sett mindre i spelemidlar på grunn av mellomfinansiering før tildeling.
- fordi kostnadane kan auke med tida.
- fordi tilskot frå private organisasjonar kan ha ein tidsfrist/rapporteringsfrist.
- fordi anlegget som regel skal etablerast for å dekke eit presserande behov i lokalsamfunnet.
- fordi medlemmar i styra i frivillige lag og organisasjonar ofte vert skifta ut med 2 til 4 års mellomrom, noko som gjer at kunnskapen om planane i blant nye styremedlemmer kan vere uklår.

Tabell 1: Fylkesvis ventetid 2021

Fylke	Søknadsbeløp	Fylkesvis fordeling	Etterslep	Ventetid
Agder	347 590 000	95 306 000	252 284 000	2,65
Innlandet	447 269 000	108 577 000	338 692 000	3,12
Møre og Romsdal	371 786 000	88 182 000	283 604 000	3,22
Nordland	434 258 000	94 719 000	339 539 000	3,58
Oslo	180 036 000	156 299 000	23 737 000	0,15
Rogaland	631 294 000	154 381 000	476 913 000	3,09
Troms og Finnmark	322 445 000	80 213 000	242 232 000	3,02
Trøndelag	741 978 500	167 269 000	574 709 500	3,44
Vestfold og Telemark	387 125 000	121 492 000	265 633 000	2,19
Vestland	957 592 000	209 243 000	748 349 000	3,58
Viken	1 256 800 000	292 840 000	963 960 000	3,29
Noreg	6 078 173 500	1 568 521 000	4 509 652 500	2,88

Tabell 2: Fylkesvis ventetid 2020

Fylke	Søknadsbeløp	Fylkesvis fordeling	Etterslep	Ventetid
Agder	355 318 000	91 214 000	264 104 000	2,90
Innlandet	453 263 000	102 336 000	350 927 000	3,43
Møre og Romsdal	393 582 000	85 098 000	308 484 000	3,63
Nordland	375 567 000	80 880 000	294 687 000	3,64
Oslo	189 523 000	146 137 000	43 386 000	0,30
Rogaland	663 138 000	148 573 000	514 565 000	3,46
Troms og Finnmark	319 125 000	74 800 000	244 325 000	3,27
Trøndelag	773 546 933	154 462 000	619 084 933	4,01
Vestfold og Telemark	327 445 000	100 459 000	226 986 000	2,26
Vestland	953 112 000	191 793 000	761 319 000	3,97
Viken	1 151 971 000	261 798 000	890 173 000	3,40
Noreg	5 955 590 933	1 437 550 000	4 518 040 933	3,14

Tabell 3: Fylkesvis ventetid 2019

Fylke	Søknadsbeløp	Fylkesvis fordeling	Etterslep	Ventetid
Agder	369 710 000	106 256 000	263 454 000	2,48
Innlandet	427 794 358	113 529 000	314 265 358	2,77
Møre og Romsdal	379 055 385	83 946 000	295 109 385	3,52
Nordland	296 693 400	70 167 000	226 526 400	3,23
Oslo	134 533 000	115 958 000	18 575 000	0,16
Rogaland	618 696 000	138 938 000	479 758 000	3,45
Troms og Finnmark	344 661 622	89 473 000	255 188 622	2,85
Trøndelag	675 100 811	142 540 000	532 560 811	3,74
Vestfold og Telemark	357 729 000	115 264 000	242 465 000	2,10
Vestland	1 002 633 000	216 134 000	786 499 000	3,64
Viken	1 208 476 000	319 624 000	888 852 000	2,78
Noreg	5 815 082 576	1 511 829 000	4 303 253 576	2,85

I tabellane over ser ein utviklinga i gjennomsnittleg ventetid frå 2019-2021. Disse utrekningane er gjort med formelen Kulturdepartementet nyttar for ventetid. Formelen er slik: $\text{Etterslep} = \frac{\text{søknadsbeløp} - \text{fylkesvis fordeling}}{\text{Ventetid}}$. For Vestland var ventetida for 2019 gjennomsnittleg 3,64 år, i 2020 var den 3,97 år, og i 2021 var ventetida 3,58 år. Bakgrunnen for at det var ein betydeleg auke i ventetida i 2020, både i Vestland og nasjonalt var at Kulturdepartementet satt av delar av midlane av overskotet frå Norsk Tipping til eit fond i samband med pandemien. I tillegg vart tildeling til nasjonalanlegg og idrettsarrangement auka med over kr 40 mill. I 2021 vart det ikkje avsett noko til fond, og tildelinga er dermed noko høgare.

Den gjennomsnittlege ventetida viser berre ein del av det utfordrande bildet. Hovudutfordringa med ventetid er knytt til ordinære anlegg. Enkelte ordinære anlegg må vente betydeleg lenger enn gjennomsnittet. I Vestland fylke er det i 2021 godkjende søknadar som er fornya opp til 5, 6 eller 7 gongar (7 år), som endå ikkje har fått tildeling. Desse må fornye søknadane på nytt neste år, noko som gjer at dei har venta i 6, 7 eller 8 år på tildeling (føresett at dei får tildeling i 2022). Bakgrunnen for at dei ikkje har fått tildeling er samansett. Det kan vere:

- anlegg som ikkje har vore prioritert i dei kommunale prioriteringslistene.
- at andre anleggstypar i same kommune har vore prioritert gjennom anleggspolitikken.
- at kommunen har hatt ein periode med svært mange søknadar på same tid.

Fordeling av spelemidlane

Fordelingane frå Kulturdepartementet til dei ulike fylka vert gjort etter ein fastsett fordelingsnøkkel. Denne fordelingsnøkkelen er slik at fordelinga til fylka vert gjort etter godkjend søknadssum, folketal og anleggsdekning. Når det gjeld anleggsdekning reknar Kulturdepartementet ut eit tal basert mellom anna på tal anlegg i eit geografisk område, og folketallet i same området. Faktorane

kommunar og fylkeskommunar kan påverke er søknadssum og anleggsdekning. Når det gjeld søknadssum kan ein arbeide for å auke denne. Noko som på same tid kan gjere at ventetida kan auka grunna den auka søknadsmassen. Anleggsdekninga kan ein påverke ved å arbeide aktivt med å halde anleggsregisteret oppdatert. Anleggsregisteret er fagsystemet der spelemiddelsøknadar vert handsama, og alle anlegg for idrett og fysisk aktivitet vert registrert. Å arbeide aktivt med oppdatering av anleggsregisteret (f.eks. slette feilregistreringar) er noko Vestland fylkeskommune har hatt eit ekstra fokus på dei seinare åra. Dette kan ein sjå på kolona for «anleggsdekning» i tabellane under. I frå 2019 til 2021 er talet for Vestland gått frå 188,9 til 190,0. Høgare tal = lågare anleggsdekning.

Tabell 4: Fylkesvis fordeling spelemidlar 2021

Fylke	Søknadsbeløp	Folketal	Anleggsdekning	Fylkesvis fordeling	% innvilga
Agder	347 590 000	308 843	169,322	95 306 000	27,42
Innlandet	447 269 000	370 603	134,814	108 577 000	24,28
Møre og Romsdal	371 786 000	265 544	119,025	88 182 000	23,72
Nordland	434 258 000	240 345	133,081	94 719 000	21,81
Oslo	180 036 000	697 010	588,691	156 299 000	86,82
Rogaland	631 294 000	482 645	203,476	154 381 000	24,45
Troms og Finnmark	322 445 000	242 168	142,788	80 213 000	24,88
Trøndelag	741 978 500	471 124	184,9	167 269 000	22,54
Vestfold og Telemark	387 125 000	421 882	196,59	121 492 000	31,38
Vestland	957 592 000	638 821	190,012	209 243 000	21,85
Viken	1 256 800 000	1 252 384	258,117	292 840 000	23,30
Noreg	6 078 173 500	5 391 369		1 568 521 000	25,81

Tabell 5: Fylkesvis fordeling spelemidlar 2019

Fylke	Søknadsbeløp	Folketal	Anleggsdeknin g	Fylkesvis fordeling	% innvilga
Agder	369 710 000	309 198	142,77	106 256 000	28,74
Innlandet	427 794 358	370 905	134,337	113 529 000	26,54
Møre og Romsdal	379 055 385	267 420	124,381	83 946 000	22,13
Nordland	296 693 400	243 385	138,208	70 167 000	23,65
Oslo	134 533 000	681 067	581,115	115 958 000	86,19
Rogaland	618 696 000	475 654	206,716	138 938 000	22,46
Troms og Finnmark	344 661 622	242 280	142,77	89 473 000	25,96
Trøndelag	675 100 811	462 032	191,953	142 540 000	21,11
Vestfold og Telemark	357 729 000	422 317	196,793	115 264 000	32,22
Vestland	1 002 633 000	639 520	188,928	216 134 000	21,56
Viken	1 208 476 000	1 255 929	255,634	319 624 000	26,45
Noreg	5 815 082 576	5 369 707		1 511 829 000	26,00

I tabellane er det ein oversikt over dei tre faktorane i fordelingsnøkkelen (søknadsbeløp, folketal og anleggsdekning), summen kvar enkelt fylke fekk tildelt, samt prosentdelen av søknadssum som er innvilga. Som ein ser av tabellen har Vestland fylke den nest høgaste søknadssummen både i 2019 og 2020. Samtidig har Vestland den nest lågaste prosenten knytt til innvilga søknadssum dei same åra. Vestland fylke har også det 3 høgaste folketalet i landet, og ligg om lag midt på treet når det gjeld anleggsdekning. Ut i frå tala frå dei ulike faktorane i fordelingsnøkkelen er fylkeskommunedirektøren av den oppfatning at Vestland fylke burde hatt ein høgare prosentdel av søknadssummen innvilga. Dette ville redusert ventetida.

Fylkeskommunedirektør har arbeidd aktivt for å at Vestland fylke skal få eit best mogleg tildeling av spelemidlar til vidare fordeling. Det vert jobba med å auke kompetansen i lag og organisasjonar for å betre kvaliteten på søknadane. Noko som kan auke tal søknadar som vert godkjend, som igjen aukar godkjend søknadssum. I tillegg vert det som nemnd arbeidd med å oppdatere anleggsregisteret, slik at ein får ei så rett anleggsdekning som mogeleg. Gjennom

anleggspolitikken som er vedteken for Vestland fylkeskommune (Anleggspolitikk og kriteria for tildeling av spelemidlar til anlegg for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2020-2024) er målet at anleggsutviklinga skal bidra til å skape attraktive lokalsamfunn.

Korleis imøtekomme utfordringa med ventetid?

Fylkeskommunedirektør foreslår at Kulturdepartementet bør vurdere om fordelingsnøkkelen med kriteria godkjend søknadssum, tal innbyggjarar og anleggsdekning er dei rette kriteria for å imøtekomme auka ventetid i enkelte fylke, samt om dei er rett for å treffe målsettinga i gjeldande idrettspolitikk (Meld. St. 26 2011-2012) i pkt. 6.2 «*Gjennom rammefordeling av spillemidler til fylkeskommunene søker departementet å ivareta tilnærmet lik tilgang på anlegg for befolkningen uavhengig av bosted*». Fordelingsnøkkelen Kulturdepartementet legg til grunn fangar ikkje opp at i tettbygde strøk er det fleire som kan nytte kvart enkelt anlegg enn i spreiddbygde strøk. Fordeling basert på anleggsdekning og befolkningstettleik bør derfor vurderast. I spreiddbygde strøk må nødvendigvis anleggsdekninga per innbyggjar vere høgare for at kvar enkelt skal kunne ha eit like godt aktivitetstilbod som folk i tettbygde strøk og byar, der fleire kan nytte kvart enkelt anlegg. Barn og ungdom er prioriterte målgrupper for ordninga og tilrettelegging i lokalmiljøa er såleis avgjerande for å kunne ha ein *fysisk aktiv kvar dag*.

Dersom ein person som bur i ein mindre kommune, som Gulen eller Lærdal kommune, skal ha same mogelegheit og tilgang til ulike typar anlegg som ein person som bur i store kommunar som Oslo kommune må ein akseptere ei høgare anleggsdekning i dei små kommunane. Bur du i Oslo kommune kan du innanfor ein halvtimes reisetid få tilgang til veldig mange anlegg, f.eks. fleire fotballbaner, innandørshallar med flater for handball, volleyball og bandy, ishall, klatreanlegg, tufteparkar, skianlegg, friluftslivsanlegg eller svømmehallen. Bur du i ein spreiddbygd kommune som Gulen så har du kanskje berre ein ballbinge og ein turveg innanfor ein halvtimes reisetid. Slik fordelingsnøkkelen er lagt opp per i dag favoriserer den i stor grad tettbygde områder. Dette skapar igjen lengre ventetid, særleg i områder som er mindre tettbygde. Dersom Kulturdepartementet legg mindre vekt på kriteria om tal innbyggjarar og anleggsdekning, og i tillegg legg til ventetid som del av fordelingsnøkkelen kan dette verke utjamnande på ventetida.

Det bør også nemnast at fleire fylker har nasjonalanlegg og/eller spesialanlegg (post 2). Om ein ser dette i samanheng med fordeling av spelemidlar til kommunane (post 1.1) kjem Vestland fylke endå dårlegare ut samanlikna med fleire andre fylkeskommunar, til dømes Oslo kommune og Trøndelag fylkeskommune. Oslo kommune har fleire nasjonalanlegg, mellom anna Holmenkollen, som får midlar frå post 2. Dette er eit viktig nasjonalt skianlegg, men utanom dei få helgene i året der er konkurransar i anlegget så er det opent og allment tilgjengeleg for lokalbefolkninga i Oslo kommune. I Trøndelag ligg Granåsen skianlegg, som er eit spesialanlegg for vinteridrett, som også kan nyttast av lokalbefolkninga utanom konkurransedagar. Kulturdepartementet bør vurdere å sjå fordeling til Post 2 (nasjonalanlegg og spesielle anlegg) i samanheng med Post 1.1 når det gjeld ventetid. Trøndelag har til dømes ei ventetid i 2021 på 3,44 år i følge hovudfordelinga. Dersom ein inkluderer dei 60 000 000 kr som Granåsen er tildelt på post 2 for 2021 er ventetida 2,52 år (anlegget er tildelt ytterlegare 120 mill kr for 2022 og 2023 i samband med VM på ski i 2025). For Oslo sin del er ventetida allereie svært låg, med 0,15 år i 2021. Inkluderer ein tildelingane til Holmenkollen på 4 550 000 kr og Ullevål stadion på 8 900 000 kr, som begge er nasjonalanlegg er ventetida for Oslo 0,14 år. Tildeling til nasjonalanlegg har liten eller ingen ventetid.

Det kan også nemnast at det i «*Bestemmelser om tilskudd til anlegg for idrett og fysisk aktivitet*» pkt. 2.5.3. er det en oversikt over utvalde geografiske områder som får auka tilskot. Ein kan her få frå 25 % til 15 % meir i tilskot til kvart enkelt anlegg som søker. Føremålet med dette punktet er å bidra til auka etablering i områder med relativt låg anleggsdekning. Dette punktet bør vurderast fjernast til søknadsåret 2023 då anlegg som får oppjustert tilskotsbeløpet som prosjektet elles ville vore kvalifisert for, bandlegg ein større del spelemidlar til dei utvalde områda enn elles i landet. Punktet kunne vore erstatta med eit punkt om «Auka tilskot til geografiske områder med lang ventetid». Det kan også diskuteras om innrettinga slik den er i dag, at det er enkeltanlegg som får ei auka tildeling til sitt prosjekt er den rette for å auke anleggsdekninga. Det kan argumenterast for at ei auka tildeling til enkeltanlegg ikkje nødvendigvis reduserer anleggsdekninga, men gjer til at ein etablerer større og meir omfattande enkeltanlegg enn det elles ville vore behov for.

Forslag til fråsegn:

Basert på dei ulike momenta som er trekt fram i saksutgreiinga vil foreslår fylkeskommunedirektør at Vestland fylkeskommune gir følgjande fråsegn til Kulturdepartementet:

«Vestland fylkeskommune ber om at Kulturdepartementet gjer ei grundig vurdering av kva tiltak som kan gjerast for å redusere ventetida på spelemidlar i fylkeskommunar som har lang ventetid

for tildeling av spelemidlane. Det er per i dag svært stor forskjell på kor lenge eit anlegg i gjennomsnitt må vente på tildeling av spelemidlar. I Oslo har ventetida dei siste åra vore på 0,15 år (2021) og 0,30 år (2020). For Vestland fylke har ventetida vore på 3,58 år (2021) og 3,97 år (2020).

Det bør gjerast tiltak slik at ventetida mellom anlegg er så lik som mogeleg over heile landet. Vestland fylkeskommune har fleire forslag til korleis dette kan gjerast.

- Vurdere å inkludere ventetid som del av kriteria for hovudfordelinga i tillegg til kriteria godkjend søknadssum, tal innbyggjarar og anleggsfordeling.
- Sjå fordeling til post 2 i samanheng med tildelingar til post 1.1. når det gjeld ventetid.
- Vurdere å erstatte pkt. 2.5.3 i bestemmelsane med ei formulering om auka tildeling til områder med lang ventetid.»

Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet.

Vurderingar og verknader

Økonomi:

Saka har ikkje noko direkte påverknad på fylkeskommunen sin økonomi.

Klima:

Klima er ikkje relevant for denne saka.

Folkehelse:

Denne saka gjeld ei fråsegn, og har ikkje noko direkte påverknad på folkehelsa. Dersom fråsegna bidreg til ei endring som vert positiv for Vestland fylke i form av kortare ventetid for spelemidlar vil dette kunne bidra til raskare etablering av idrettsanlegg det er behov for, som kan auke aktivitetsnivået i befolkninga.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Fordeling av spelemidlar til anlegg for idrett og fysisk aktivitet er forankra i regionale kulturplanar og anleggspolitikk og kriteria for Vestland. Arbeidet er eit viktig bidrag til å realisere mål 3 i utviklingsplanen - «lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv i heile Vestland». I høve FNs berekraftsmål kan denne fråsegna bidra til å styrke arbeidet for å nå m.a. mål 3 (god helse og livskvalitet), 4 (god utdanning) og 11 (berekraftige byar og lokalsamfunn) i Vestland.

Konklusjon

Fylkeskommunedirektør rår til vedtak i samsvar med forslag til vedtak.